



## Notat

Dato: 13.04.2016  
Arkivsak: 2016/2024-4  
Saksbehandlar: benutne

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel, Fylkesutvalet

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Eventuell bygging av ny fylkesveg Åsen – Helleskaret i Os kommune

#### Bakgrunn

Fylkesrådmannen er i dialog med Os kommune om realisering av prosjektet Åsen – Helleskaret.

Prosjektet ligg som ein opsjon til E39-prosjektet Svegatjørn – Rådal. Etter avtalen mellom Statens vegvesen og Veidekke må opsjonen innløysast innan 1. juli 2016. I møte mellom SVV og HFK 14.4.16 vart det avtalet at SVV skal be Veidekke om utsetjing på opsjonen til 31.12.16. Svar på dette kan ventast i midten av mai 2016. Dersom det er kurant å få utsett opsjonen, vil fylkesrådmannen leggja fram sak til fylkestinget hausten 2016.

Åsen – Helleskaret har masseunderskot som kan dekkast med overskotsmassar frå E39-prosjektet, og dermed vil ei samtidig utbygging av prosjekta sannsynlegvis vera den mest kostnadseffektive bygginga av prosjektet.

Med omsyn til det pågående Regional Transportplanarbeidet (RTP) med ferdigstilling i 2017, er det ikkje optimalt å vedta eit større øvrig fylkesvegprosjekt i 2016. RTP skal leggja til grunn ei heilskapleg og overordna prioritering, der det overordna fylkesvegnettet vil bli prioritert.

Når fylkesrådmannen likevel tar sikte på å leggja fram sak i til juni- eller oktobertinget i 2016, er dette fordi det sannsynlegvis ligg ei innsparing i samtidig realisering av prosjektet med E39-prosjektet.<sup>1</sup>

Saka er ikkje klar til framlegging innan ordinær saksgang, då partane no arbeider med forslag til finansiering. Grunnen til at fylkesrådmannen legg fram denne meldinga, er for å informera politisk om prosjektet, slik at det blir enklare å ta stilling til dette innafor knappe fristar.

#### Om prosjektet

Ny veg frå Åsen i Endelausmarka til Helleskaret ved Lysefjorden var opprinnelig ein del av E39-prosjektet, men vart tatt ut av prosjektet av kostnadsomsyn. I E39-prosjektet ligg no inne tilkobling fram til Fv 161 ved


---

<sup>1</sup> I møtet mellom SVV og HFK 14.04.16 kom det fram at SVV ikkje ser dei store innsparingane i samtidig bygging. Massane frå tuneldrivinga på E39-prosjektet vil bli liggjande på riggområdet i Endelausmarka til prosjektet er ferdig i 2022, og blir då SVV sin eigedom.

Åsen. Den nye vegen vil erstatta dagens vegsamband mellom Lysefjorden og Endelausmarka/ Ulven (Fv 161 forbi Lyse Kloster og Fv 163 frå Buena til Søvik). Standard på desse fylkesvegane er låg, og tilbodet for gåande og syklande er dårlig, som mange andre fylkesvegar.

Det går også ein kommunal veg (Søvikvegen / Ole Bullsveg) frå Ulven til Søvik. Dette er ein kortare forbindelse til Lysefjorden, men denne vegen har endå dårligare standard enn fylkesvegen.

Den nye vegen er planlagt med ei total breidde på 14 meter; køyrebane med skulder 7,5 meter, grøntareal 3 meter og gang- og sykkelveg 3,5 meter breidde. Statens vegvesen har i januar 2016 gjort eit anslag for prosjektet. Dette er brutto på 61 mill kr (2016-kr), eksklusiv mva utgjer dette 51,2 mill kr. Ved vedtak i juni 2016, vil prosjektet starta opp i 2017, og det er planlagt omlag 3 års byggetid.



### Alternative framdriftsplanaar

**Vedtak i junitinget 2016:** For at fylkestinget kan gjera eit positivt vedtak på prosjektet, må finansieringa vera klar. I følgje SVV bør grunnerverv og byggeplanar vera ferdige om ein bestiller opsjonen innan 1. juli 2016. Os kommune arbeider for å ha klar finansieringsavtalar til fristen for junitinget.

**Vedtak i oktober/desembertinget 2016:** Dersom det er kurant å forlenga opsjonen, vil fylkesrådmannen leggja fram sak for fylkestinget hausten 2016 for å ha betre tid til sakshandsaminga og avtalar med utbyggjarar.

**Ingen vedtak i 2016:** Vegen kan byggjast på eit seinare tidspunkt. I 2022 vil SVV få hand om overskotsmassane frå E39-prosjektet. Dersom det er lett tilgjengelege massar på eit tidlegare tidspunkt gjev dette også høve til realisering av prosjektet. Ekstrakostnaden er i så fall transport av massane, og eventuelt høgare riggkostnader. Prosjektet får då bli ein del av RTP-prosessen.

### Finansiering

Vedtak om bygging må innehalda finansieringsplan. Fylkesrådmannen meiner at dersom prosjektet skal vedtakast utanom RTP må følgjande vera oppfylt:

- Innsparing ved å realisera prosjektet samtidig med E39
- Vesentlege bidrag frå utbyggjarar og/eller Os kommune